

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 010	16/936

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2017	Valstyret	PS	19.10.2017

## Evaluering av gjennomføringa av Stortingsvalet 2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vart gjennomført Stortingsval 11.sept 2017.

#### Fakta

Det vart halde valting i tre krinsar:

- Masfjordnes
- Hosteland
- Matre

Det var tilsaman 456 personar som førehandsrøysta ved stortingsvalet, mens det var tilsaman 604 personar som røysta ved valtinga i kommunen. Dette gjev samla ein frammøteprosent på 83,41 %.

Røystesetlane vart telt opp samla – og rapportert – i følgjande tellekategoriar:

- ordinære førehandsrøyster
- lagt til side / sein innkomne
- ordinære valtingsrøyster
- røyster i særskilt omslag

Rutiner i vallova krev at ein del av førehandsrøystene som vert sendt til oss frå andre kommunar skal leggjast til side saman med dei førehandsrøystene som kjem med post eller bod valdagen og dagen etter valet. Dette er fordi dei førehandsrøystene som kjem til kommunen på valdagen ikkje kan registrerast i manntalet så lenge valtinge er opne. I tillegg seier rutinene at desse røystene ikkje skal teljast før etter kl 17 dagen etter valet som og er siste frist for at ei førehandrøyst kan kome fram til ein kommunen. Grunnen til at ein legg tilsides ein del røyster er for å sikre

hemmeleg val for dei røystene som kjem aller sist fram til opptellingsstaden. Difor er dette ein eigen tellekategori.

Rutiner i vallova krev at røyster der veljar ikkje står i manntalet eller der veljar allereie har røysta, skal leggjast i særskilt omslag og teljast i eigen tellekategori.

## **Vurdering**

### Tidlegrøysting

Det var høve til å tidlegrøyste etter avtale på kommunehuset frå 1.juli. Det kom inn fem røyster i tidlegrøysteperioden.

### Førehandsrøysting

Førehandsrøystinga vart gjennomført som vedteke i valstyret i sak 004/2017.

På kommunehuset var det høve til å førehandsrøyste kvar arbeidsdag frå 09:00 – 15:00 i perioden 10.aug til og med 8.sept.

Ambulerande røysting vart gjennomført i veke 35. Det var berre ein person som nytta seg av dette tilbodet.

Det var i veke 36 (tysdag og torsdag) høve til å førehandsrøyste på sjukeheimen og på biblioteka på Hosteland og Matre i biblioteka sine opningstider. Det var godt oppmøte på sjukeheimen og biblioteket på Hosteland, mens det på Matre var lite oppmøte. Det svake oppmøte på Matre kan skuldast at det var høve til å røyste på butikken på Haugsvær dagen etter og at mange valde det alternativet. Rådmannen vurderer difor å flytte førehandsrøystinga på Matre fram ei veke.

Fredag 8.sept var det høve til å førehandsrøyste på butikken på Kvingo, butikken på Haugsvær og på NAV / butikken på Hosteland. Utfordringa og dette året var nettverk. På Kvingo fekk ein nytte det private nettverket til huseigar, på Hosteland nytta ein mobilnett (via kommunal mobiltelefon), mens ein på Haugsvær fekk hjelp av IKT-NH til å knytte seg direkte på Nettstar si mast som er montert på taket på butikken og slik etablere kommunalt nett til bruk den dagen. Det var berre på Haugsvær at nettet svikta ein liten periode på dagen og valmedarbeidarane måtte ta i mot røyster i beredskapskonvolutt. Det var stort oppmøte alle tre stadane.

Sidan førehandsrøystinga ikkje stengde før etter at posten hadde gått, sat valmedarbeidarane att med 7 røyster som skulle til nabokommunane og ei røyst som måtte sendast ut av regionen. Dei 7 røystene til nabokommunane vart levert på døra av ein av valmedarbeidarane (laurdag til Bergen kommune og valdagen til Lindås kommune), mens den eine røysta som skulle til austlandet vart sendt med ordinær post. Sjølv om det å opne for førehandsrøysting den siste dagen i førehandsrøystinsperioden til etter at ordinær post har gått medfører ekstraarbeid for valmedarbeidarane, vurderer rådmannen det som eit så godt vitja tilbod at ein bør halde på dette.

### Valting

Valting vart gjennomført som vedteke i valstyret som sak 003/2017

Røystestyrene som vart oppnemnd i valstyret som sak 008/2017 møtte fulltallige til opninga av

valtinga. For røystestyret ved Masfjordnes røystekrins møte 1. vara frå kl 16 etter avtale med leiar i røystestyret.

Ein av valmedarbeidarane var med kvart røystestyre i tillaginga og oppkoplinga for å sikre at alle fekk logga seg på EVA (Elektronisk val) sidan dette var det første valet med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Alle røystestyra kom greitt inn og nettet fungerte greitt heile dagen.

Både Nordbygda skule og kommunehuset nytta dei lokala som er etablert ved tidlegare val mens ein for Matre skule har flytta til gymsalen (første gang nytta ved folkerøystinga i samband med kommunereformen). Alle valtinga har no fått valavlukke og desse fungerte fint. For at det ikkje skulle verte kø framføre valavlukket, hadde alle valtinga lagt ut røystesetlar og i eit tilstøtane rom.

På Matre vart det skilta godt sidan valtinget vart halde i eit nytt rom. Tilbakemeldingane er at dette gjekk fint. På Nordbygda skule var dei seine med å dekke til innkøyring forbodeskiltet. Dette vart ikkje gjort før etter at det vart påpeikt av ein veljar. På Sandnes var parkeringsplassen full like før valtinget opna og ein hadde starta å parkere i vegen. Det var sendt ut melding til alle tilsette på kommunehuset fredag før valdagen om at dei øvste parkeringsplassane var reservert veljarar, men det vart ikkje skilta slik som ved folkerøystinga. Det var ikkje sendt slik melding til røystestyret. Det må ein gjere ved neste val.

### Opptelling

Opptellinga av valtingsrøyster vart gjennomført av ein frå kvart røystestyre, ordførar og tre frå administrasjonen. Opptellinga og rapporteringa gjekk fint.

Opptelling og rapportering av lagt til side / seint innkomne røyster vart gjennomført etter kl 17 12.sept. av to av valmedarbeidarane. Møteboka vart signert av eit samla valstyre ca 17:20 same dag.

### **Konklusjon**

Det opplegget ein har etablert for førehandsrøysting fungerer fint og kan gjentakast ved neste val. Det einaste ein kan vurdere er å flytte førehandsrøystinga på biblioteket på Matre fram ei veke slik at det ikkje vert førehandsrøysting to dagar etter kvarandre i Indrefjorden.

Ein må sikre universell tilgjenge med ordna parkering utafor alle valtinga.

### **Valstyret - 012/2017**

#### **VS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **VS - vedtak:**

Valstyret tar evalueringa av gjennomføringa av Stortingsvalet 2017 til orientering (4 røyster).

